

# Prop. 12 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2017 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 24. november 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Føremål og hovedoversikt

#### 1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løvyingar i forsvarsbudsjettet for 2017. Siktemålet er å skape best mogleg samsvar mellom løvyingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2017 blei vedtatt.

På grunn av den komplekse samansettinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å legge til rette for god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, er såleis handsama, samla og formaliserte på rett måte. Regjeringa er opptatt av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering blir handsama.

Omgrupperingsproposisjonen for 2017 tek føre seg naudsynte budsjettekniske endringar. I tillegg kjem forslag om meirinntekter for 2017 og tilbakelevering av midlar til statskassa. Totalt utgjer omgrupperinga for 2017 ei auke i løvyinga til Forsvarsdepartementet på 103,357 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke ei bestillings-

fullmakt samt å godkjenne eit nytt prosjekt med ei investeringsfullmakt.

#### 1.2 Tilbakelevering av midlar til statskassa

##### *Kjøp av nye kampfly*

Det er knytte investeringsprosjekt i eigedom, bygg og anlegg til kjøp av nye kampfly. Grunna endringar i framdrifta ved utbygginga på Ørland foreslår Forsvarsdepartementet ei tilbakeføring av midlertidig styrking som blei gitt i budsjettet for 2017. Endringane gjeld primært justeringar i framdriftsplana for hangaretableringa, og det planleggast nå å bygge hangarane i fase med at flya kjem til Noreg. Denne endringa i framdriftsplana er nødvendig av tryggingsmessige grunnar, samt ei ny vurdering av tidspunkta for når dei enkelte fasilitetane må være ferdige. Ved å forskyve den midlertidige styrkinga, oppnår Forsvarsdepartementet ein utbetalingsplan som kjem i fase med utbyggingstakta. Forsvarsdepartementet ønsker ein ryddig prosess knytte til bruken av dei midlertidige styrkingane og vurderer tilbakeføringa som den beste løysinga. Det understrekast at endringar i framdrifta ved utbygginga på Ørland medfører at behov for desse midlane vil oppstå på eit seinare tidspunkt. Forsvarsdepartementet ønsker å disponera den midlertidige styrkinga etter 2019.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at forsvarsramma på kap. 1761, post 47, blir redusert med 368,800 mill. kroner i 2017.

#### *Den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følge av deltagking i operasjonar i utlandet*

Statens pensjonskasse (SPK) forvaltar den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følge av deltagking i operasjonar i utlandet. Basert på ei analyse av historiske data for kompensasjonsordninga og ein kvalitativ vurdering av saksportefølja, forventar SPK at utbetalingane for 2017 vil kome på om lag 55,000 mill. kroner. Dette beløpet er monaleg lågare enn det som er disponibelt på posten for 2017, og Forsvarsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten.

Det er på denne bakgrunnen foreslått at forsvarsramma på 1700, post 21, blir redusert med 100,000 mill. kroner i 2017.

### 1.3 Materiellprosjekt til godkjenning

#### Nytt artillerisystem til Hæren

##### Bakgrunn

Hæren sitt eksisterande artillerisystem av typen M109G blei skaffa på slutten av 1960-talet. Skytsa er vedlikehaldskrevjande, lite fleksible og mindre effektive grunna mellom anna kort rekkevidde. Det er undervegs gjort mindre oppgraderingar for å halde kapasiteten operativ, samstundes som det er gjennomført ei avgrensa levetidsforlenging. Utan ei fornying av artillerisistema no, vil kapasiteten innan få år bli svekka. Det er såleis behov for å skaffe eit moderne, effektivt artillerisystem til erstatning for det aldrande systemet.

##### Tidlegare prosess

Allereie ved Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 370 (2008–2009) til St.prp. nr. 70 (2008–2009), blei det vedteke å skaffe 24 sjølvdrivne artilleriskyts med system for ammunisjonshandtering, logistikk og ei viss mengd ammunisjon. Dei nye skytsa skulle erstatte M109-skytsa, og anskaffinga blei planlagd gjennomførd i samarbeid med Sverige. Leveransane skulle ha blitt avslutta i 2013. Grunna mellom anna store forseinkningar og tekniske utfordringar vedtok regjeringa i desember 2013 å terminere kontrakten med den svenske leverandøren. I etterkant av denne avgjersla blei

det sett i gong eit nytt prosjekt for å skaffa eit anna artillerisystem.

##### Om prosjektet

Prosjektet skal skaffe 24 artilleriskyts med tilhøyrande ammunisjonskjøretøy, punktmålsammunisjon, røykammunisjon, materiell for utdanning og logistikk. Leveringa er planlagt å finne stad innan 2024.

Det nye systemet må ha evne til å levere eldstøtte på avstandar over 40 km, og kunne gje støtte til operasjonar nasjonalt og internasjonalt, på ein effektiv og sikker måte ved at systemet si operative tilgjengeleghet blir auka samanlikna med det eksisterande systemet.

Anskaffinga av det nye systemet har vore underlagt konkurranse mellom fleire leverandørar. Basert på innkomne tilbod blei det gjennomført omfattande vintertesting av skytsa frå fire forskjellige leverandørar i 2016. Det er no gjennomført kontraktforhandlingar, og ei tilråding om val av leverandør er mottatt i Forsvarsdepartementet.

##### Vidareutvikling av Hæren

Regjeringa har nyleg lagd fram Prop. 2 S (2017–2018) – Vidareutviklinga av Hæren og Heimevernet. I proposisjonen er det vist til at røykartilleri er ein viktig kapasitet for landmakta uavhengig av konseptuell innretting, og at regjeringa vil kome attende til Stortinget med ei sak om kjøp av nytt artilleri i haustsesjonen 2017.

##### Avtale om industrisamarbeid

I samband med kjøpet vil det bli stilt krav om at det blir inngått ei avtale om forsvarsindustrielt samarbeid med leverandøren innan hovedkontrakten blir signert. Avtala om industrisamarbeid skal minst ha ein tilsvarende verdi og kvalitet som hovedkontrakten. Forsvarsdepartementet vil følge nøye opp at avtala blir oppfylt.

##### Ekstern kvalitetssikring

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet i samsvar med retningslinene frå Finansdepartementet. Resultata frå kvalitetssikringa ligg til grunn for den tilrådde kostnadsramma. Forsvarsdepartementet vil følge opp dei usikkerheitsreduserande tiltaka som ekstern kvalitetssikrar har tilrådd.

**Kostnadsramme**

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 3 193 mill. 2017-kroner medrekna meirverdiavgift, ei avsetjing for usikkerheit samt gjennomføringskostnadar. Prosjektet si styringsramme vert sett til 2 900 mill. kroner medrekna meirverdiavgift.

**1.4 Grunnlaget for omgrupperinga****1.4.1 Økonomisk grunnlag**

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2017, midlar overførte frå 2016 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2017.

Tabell 1.1 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2017, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett for 2017	51 248 190
Innst. 401 S (2016–2017) til Prop. 129 S (2016–2017) <i>Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017 (RNB)</i>	735 782
Innst. 492 S (2016–2017) til Prop. 139 S (2016–2017) <i>Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap» (Soldatproposisjonen)</i>	8 009
Budsjettmessige verknader av lønsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2017	159 978
= Løyvingar før omgrupperinga	52 151 959
+ Midlar overførte frå 2016	1 780 188
= Disponible midlar i 2017 før omgrupperinga	53 932 147

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2017, kjem fram slik (i 1 000-kroner):

Saldert budsjett for 2017	5 050 241
Innst. 401 S (2016–2017) til Prop. 129 S (2016–2017) <i>Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2017 (RNB)</i>	622 209
= Løyvingar før omgrupperinga	5 672 450

**1.4.2 Inntekter i 2017**

I høve til saldert budsjett for 2017, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2017, er det ei meirinntekt på 572,157 mill. kroner. Meirinntektene inneber ein parallel auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt i Innst. 7 S (2016–2017) til Prop. 1 S (2016–2017) under romartalsvedtak II.0020

Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og beskriven i detalj under pkt. 2 under.

**1.4.3 Løyvingsbehov**

Tala i tabellane nedanfor syner løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2017.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000-kroner):

Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter førte til utgiftssida	572 157
Tilbakelevering av midlar til statskassen	-468 800
= Sum behov ved omgrupperinga	103 357
+ Løyvingar før omgrupperinga	52 151 959
= Løyvingar etter omgrupperinga	52 255 316
+ Midlar overførte frå 2016	1 780 188
= Samla disponible midlar i 2017 etter omgrupperinga	54 035 504

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000-kroner):

Meirinntekter i omgrupperinga	572 157
+ Løyvingar før omgrupperinga	5 672 450
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 244 607

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma blir auka med

103,357 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 572,157 mill. kroner.

## 2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

### Kapittel 1700 Forsvarsdepartementet

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	772 976	794 094	780 994
21	Spesielle driftsutgifter	121 860	121 860	21 860
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	15 610	12 510	10

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 13,100 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 11,400 mill. kroner knytte til eit mindreforbruk fordelt mellom prosjekter i Forsvarsdepartementet (2,600 mill. kroner), forsvarsattachear (0,200 mill. kroner), kapasitetsbygging (7,900 mill. kroner), Senter for integritet i forsvarssektoren (0,200 mill. kroner) og Miljødatabasen (0,500 mill. kroner). Midlane foreslås omdisponert til kap. 1760, post 45.

- 1,700 mill. kroner knytte til mindrebehov i aktiviteten kapasitetsbygging. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1792, post 01.

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 100,000 mill. kroner knytte til den særskilte kompensasjonsordninga for veteranar med psykiske belastningsskadar som følge av deltaking i operasjonar utanlands. Løyvinga på posten er forvalta av Statens pensjonskasse og er basert på erfaringstal. Utbetinga er i 2017 forventa å bli lågare

enn det som var føresett på budsjetteringstidspunktet og midlane er difor foreslått ført tilbake til statskassen.

#### *Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 12,500 mill. kroner

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov som krev

rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Denne posten medverkar ein til meir førseielegheit på dei andre utgiftspostane ved at dei budsjettansvarlege kan gjennomføra sin verksamd med tryggleik om rammeføresetnadane. Dersom midlane ikkje blir nytta, blir dei foreslått stilt til disposisjon for å balansere andre kapittel under Forsvarsdepartementet. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1760, post 45.

### Kapittel 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 641 748	3 646 776	3 784 276
45	Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald	277 515	290 515	288 515
47	Nybygg og nyanlegg	1 579 700	1 579 700	1 929 690

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 137,500 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 83,300 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4710, post 01, og gjeld inntekter i samband med leiemodellen. Inntektene er foreslått nytta til dekking av utgifter i samband med uteleie av eigedom, bygg og anlegg (EBA).
- 50,200 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4710, post 01, og gjeld inntekter frå NAWSARH-prosjektet (Norwegian all weather search and rescue helicopter-prosjektet). Inntektene er foreslått nytta til EBA-prosjekt knytte til innføring av dei nye redningshelikoptera.
- 27,000 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4710, post 01, og gjeld støtte frå Enova SF. Inntektene er foreslått nytta til energileatingsprogrammet i forsvarssektoren.
- 6,400 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4710, post 47, og gjeld høgare inntekt frå bustadsal enn forventa. Inntektene er foreslått nytta til utgifter knytte til nødvendig skadeutbetring av flomskader i regionfelt Østlandet.

Posten er foreslått redusert med:

- 29,400 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsreduksjon på kap. 4710, post 01, og gjeld utsetting av NATO Security Investment Pro-

gramme-prosjekter til 2018. Utgiftene til programmet blir reduserte tilsvarende.

#### *Post 45 Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 2,000 mill. kroner i samband med eit mindreforbruk. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1710, post 47.

#### *Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 349,990 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 100,000 mill. kroner knytte til utgifter til eit skjerma prosjekt. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1760, post 45.
- 91,000 mill. kroner knytte til meirutgifter på eit anna skjerma prosjekt. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1710, post 45 (2,000 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (55,400 mill. kroner) samt frå auka inntekt frå bustadsal på 4710, post 47 (33,600 mill. kroner).
- 76,990 mill. kroner knytte til operativ EBA i samband med øvinga Trident Juncture 2018. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01 (43,144 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (33,846 mill. kroner).
- 57,000 mill. kroner knytte til meirbehov i samband med Forsvarsbygg si ordinære investe-

- ringsportefølje. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1760, post 45.
- 25,000 mill. kroner knytte til start av eit nytt byggeprosjekt etter ein brann på Kolsås leir.
- Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1760, post 45.

## Kapittel 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	3 321 834	3 321 834	3 452 934
47	Sal av eigedom	269 425	630 025	670 025

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 131,100 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 83,300 mill. kroner knytte til auka inntekter i samband med leiemodellen til forsvarssektoren.
- 50,200 mill. kroner knytte til auka inntekter frå NAWSARH-prosjektet
- 27,000 mill. kroner knytte til støtte frå Enova SF.

Posten er foreslått redusert med:

- 29,400 mill. kroner knytte til utsetting av *NATO Security Investment Programme*-prosjekter til 2018.

Meirinntektene fører med seg ein parallel auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

### *Post 47 Sal av eigedom*

Løyvinga på posten er foreslått auka med 40,000 mill. kroner knytte til høgare inntekter frå bustadsal enn forventa.

Midlane er foreslått nytta til:

- 33,600 mill. kroner foreslås nytta til å dekke meirutgifter på eit skjerma prosjekt på kap. 1710, post 47.
- 6,400 mill. kroner foreslås nytta til nødvendig skadeutbetring av flomskader i regionfelt Østlandet på kap. 1710, post 01.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

## Kapittel 1720 Felles leiings- og kommandoapparat

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 306 251	5 327 172	5 694 372

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 367,200 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 359,946 mill. kroner knytte til utdanningsreforma. Utdanningsreforma innebere overføring av Krigsskolen, Sjøkrigsskolen, Luft-

krigsskolen, Hærens befalsskole, Sjøforsvarets befalsskole, Luftforsvarets befalsskole og operasjonsstøtteavdelinga på Linderud til Forsvarets høgskole. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01 (158,002 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (120,901 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (80,243 mill. kroner) og kap. 1790, post 01 (0,800 mill. kroner).

- 70,000 mill. kroner knytte anskaffing av kritisk IKT-materiell til Cyberforsvaret. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1725, post 01.
- 7,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttå til tilrettelegging av alliert trening og øving vinteren 2018 i Indre Troms.
- 4,660 mill. kroner knytte til fellesoperative øvingar. Midlane foreslås omdisponert med følgande endringar: kap. 1731, post 01 (-7,200 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (-0,050 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (-0,100 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (2,990 mill. kroner), og kap. 1740, post 01 (-0,300 mill. kroner).
- 3,030 mill. kroner knytte til overføring av sjukestover. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01 (2,129 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,693 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,208 mill. kroner).
- 1,926 mill. kroner grunna justering av utgifter knytte til inntektskrav i samband med utdanningsreforma. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01 (0,100 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,550 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (1,276 mill. kroner).
- 1,546 mill. kroner knytte til masterstudiet på *Naval Postgraduate School* i Monterey, USA. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01.
- 1,011 mill. kroner knytte til at vernepliktige akademikarar frå Hæren har delteke på kurs ved Forsvarets sanitet. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01.
- 0,694 mill. kroner knytte til at deler av eit bygg eigm av Forsvarets logistikkorganisasjon er overført til Forsvarets spesialstyrker. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1740, post 01.
- 0,428 mill. kroner knytte til bokprosjektet «Utviklinga av den norske veteranen» skal belyse den norske veteranerfaringa med utgangspunkt i tre saker frå etterkrigstida. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1725, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 43,144 mill. kroner knytte til operativ EBA i samband med øvinga *Trident Juncture 2018*. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1710, post 47.
- 16,023 mill. kroner knytte til at bruttobudsjettet verksemder frå 2017 skal budsjetttere delen frå arbeidsgivar av pensjonspremie og medlemsdelen i SPK i sine budsjett. Budsjettpostane blei oppjustert i 2017 i samband med

dette. I samband med endelig gjennomgang av pensjonsforpliktingar blei det på kap. 1720 heldt tilbake 16,0 mill. kroner som nå er forslått fordelt. Midlane foreslås omdisponert med følgande endringar: kap. 1725, post 01 (2,926 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (2,886 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (-0,599 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (5,392 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,755 mill. kroner), kap. 1740, post 01 (0,267 mill. kroner), kap. 1760, post 01 (-0,862 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (1,662 mill. kroner), kap. 1791, post 01 (2,597 mill. kroner), kap. 1792, post 01 (0,812 mill. kroner) og kap. 1795, post 01 (0,187 mill. kroner).

- 4,554 mill. kroner knytte til vedlikehald, reserveredelar og beredskapsbeholdning, jf. omtale under kap. 1732, post 01.
- 2,658 mill. kroner knytte til interneffektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,391 mill. kroner knytte til ei ny rekneskapsløysing for Forsvarsmateriell. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,129 mill. kroner knytte til lønsmidlar for bl.a. støttetenestar ved baseskvadronen i Bodø. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1733, post 01.
- 2,035 mill. kroner knytte til auka utgifter til undervisningstillegg i Hæren. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 1,981 mill. kroner knytte til auka utgifter til fagsjef logistikk ved Hærens våpenskole. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 1,794 mill. kroner knytte til drift av tillitsvaldsordninga. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1725, post 01.
- 1,500 mill. kroner grunna skaffing av ei ny styrløysing knytte til effektivisering og kvalitetssheving av mål- og resultatoppfølginga i Forsvaret. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1725, post 01.
- 1,277 mill. kroner knytte til utdanne teneste-hundar ved Forsvarets hundeskole, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 1,117 mill. kroner knytte til deltaking på vognførarkurs og materiellspesifikk utdanning arrangert av Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 0,659 mill. kroner knytte til innkjøp av overvåkingsutstyr for ivaretaking av vakthold og sikring ved Sessvollmoen garnison. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.

- 0,475 mill. kroner knytte til overføring av ansvaret for HMS i Forsvaret frå Forsvarsstaben på kap. 1720, post 01 til Forsvarets personell- og vernepliktsenter på kap. 1725, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1725, post 01.
  - 0,403 mill. kroner knytte til besøksreiser i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
  - 0,313 mill. kroner knytte til regulativløn for personell i utomlandsteneste, jf. omtale under kap.
- 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 0,300 mill. kroner knytte ei styrking av Forsvars materiells leveranseevne innan IKT. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1760, post 01.
  - 0,288 mill. kroner knytte til velferdstenester utført av Hæren , jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.

## Kapittel 4720 Felles leiings- og kommandoapparat

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	107 247	120 629	122 555

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått auka med 1,926 mill. kroner grunna justering av utgifter knytte til inntektskrav i samband med utdannings-

reforma. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 4731, post 01 (0,100 mill. kroner), kap. 4732, post 01 (0,550 mill. kroner) og kap. 4733, post 01 (1,276 mill. kroner)

## Kapittel 1723 Nasjonalt tryggingsorgan

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	258 716	258 629	291 929

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 33,300 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 32,700 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4723, post 01, og gjeld auka brukarinntekter.

- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvaret sin medverking til kurssenter for førebyggande tryggleik. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1725, post 01.

## Kapittel 4723 Nasjonalt tryggingsorgan

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	11 392	11 392	44 092

**Post 01 Driftsinntekter**

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 32,700 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 23,800 mill. kroner knytte til brukarbetaling for varslingssystem for digital infrastruktur.
- 3,400 mill. kroner knytte til meirinntekter frå betalande medlemmer og partnarar i Nasjonal

tryggingsorgan *Norwegian Computer Emergency Response Team*.

- 5,500 mill. kroner knytte til innbetalingar av konferanseinntekter og kursavgifter.

Meirinntektene fører med seg ei parallel auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

**Kapittel 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	825 403	723 150	729 069

**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 5,919 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 2,926 mill. kroner i samband justering av pensjonspremie, jf. omtale på kap. 1720, post 01.
- 1,794 mill. kroner knytte til drift av tillitsvaldsordninga. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 1,500 mill. kroner grunna skaffing av ei ny styringsløysing knytte til effektivisering og kvalitetsheving av mål- og resultatoppfølginga i Forsvaret. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 1,200 mill. kroner knytte til auka aktivitet i Forsvarets tryggleiksavdeling i samband med eit skjerma prosjekt. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1734, post 01 (0,377 mill. kroner) og kap. 1790, post 01 (0,823 mill. kroner).
- 0,475 mill. kroner knytte til ansvaret for HMS i Forsvaret er overført frå Forsvarsstaben på kap. 1720, post 01, til Forsvarets personell- og vernepliktsenter på kap. 1725, post 01. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 0,164 mill. kroner knytte til at ein bedriftslege har vært utlånt frå Forsvarets fellestestestar til

Hæren i 25 pst. av sin arbeidstid. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1731, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,628 mill. kroner knytte til interneffektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 0,600 mill. kroner knytte til Forsvaret sin medverking til kurssenter for førebyggande tryggleik foreslås omdisponert til kap. 1723, post 01.
- 0,428 mill. kroner knytte til bokprosjektet «Utviklinga av den norske veteranen» skal belyse den norske veteranerfaringa med utgangspunkt i tre saker frå etterkrigstida. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 0,412 mill. kroner til utdanning av vernepliktige mannskap til Vardøhus festning. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 0,072 mill. kroner knytte til deltaking på vognførarkurs og materiellspesifikk utdanning arrangert av Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.

**Kapittel 1731 Hæren**

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 460 228	5 551 080	5 498 578

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 52,502 mill. kroner.

Posten blir foreslått auka med:

- 98,910 mill. kroner i samband med at Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte blei overført frå kap. 1740, post 01, seinare enn planlagt. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1740, post 01
- 17,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttal til bygging av beredskapslager i Hæren.
- 5,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttal til skaffing av datautstyr og lisensar til analysestøtteverktøyet til Etterretningsbataljonen.
- 4,724 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttal til å finansiere auka utgifter til pensjonspremie i Hæren.
- 4,316 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttal til ei kjøkkenløysing på Bardufoss.
- 2,886 mill. kroner i samband med justering av pensjonspremie, jf. omtale på kap. 1720, post 01.
- 2,188 mill. kroner i samband med at Forsvarets hundeskole har utdanna hundar i 2017 til de ulike våpengreinene. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01 (1,277 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,182 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,547 mill. kroner) og kap. 1735, post 21 (0,182 mill. kroner).
- 2,035 mill. kroner knytte til auka utgifter til undervisningstillegg i Hæren. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 1,981 mill. kroner knytte til auka utgifter til fagsjef logistikk ved Hærrens våpenskole. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 1,802 mill. kroner knytte til regulativløn for personell i utomlandsteneste. Regulativløna for personell i utomlandsteneste er løyva til heimeavdelinga i Noreg, og må difor omdisponerast. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01 (0,313 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,565 mill. kroner) og kap. 1792, post 01 (0,924 mill. kroner).
- 1,500 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nyttal ei

vidareføring av *Joint Deployable Exploitation and Analysis Laboratory*-samarbeidet.

- 0,977 mill. kroner knytte til velferdstenester utført av Hæren ved enkelte garnisoner finnes det også brukarar av velferdstenestane frå andre kapitteleigarar. Det foreslås at disse kapitteleigarane refunderer bruken av velferdstenester. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01 (0,288 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,509 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,072 mill. kroner), og kap. 1740, post 01 (0,108 mill. kroner).
- 0,412 mill. kroner til utdanning av vernepliktige mannskap til Vardøhus festning. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1725, post 01.

Posten blir foreslått redusert med:

- 158,002 mill. kroner knytte til utdanningsreforma, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 20,000 mill. kroner knytte til vedlikehald, reserveredelar og beredskapsbeholdning, jf. omtale under kap. 1732, post 01.
- 7,200 mill. kroner knytte til fellesoperative øvingar, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 2,923 mill. kroner knytte til deltaking på vognførarkurs og materiellspesifikk utdanning arrangert av Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,835 mill. kroner knytte til interneffektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,129 mill. kroner knytte til overføring av sjukestover, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 1,546 mill. kroner knytte til masterstudiet på *Naval Postgraduate School* i Monterey, USA. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 1,011 mill. kroner knytte til at vernepliktige akademikare frå Hæren har deltatt på kurs ved Forsvarets sanitet. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 0,323 mill. kroner grunna justering av utgifter knytte til inntektskrav i samband med overføring av Forsvarets kompetansesenter for logistikk og operativ støtte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 0,164 mill. kroner knytte til at ein bedriftslege har vært utlånt frå Forsvarets fellestener til Hæren i 25 pst. av sin arbeidstid. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1725, post 01.

- 0,100 mill. kroner grunna justering av utgifter knytte til inntektskrav i samband med utdanningsreforma, jf. omtale under kap. 1720, post

01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.

## Kapittel 4731 Hæren

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	63 993	93 993	93 570

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 0,423 mill. kroner.

Posten blir foreslått redusert med:

- 0,323 mill. kroner knytte til overføringa av Forsvarets kompetansesenter for logistikk og ope-

rativ frå Hæren til Forsvarets logistikkorganisasjon. Midlane foreslås omdisponert til kap. 4740, post 01.

- 0,100, mill. kroner knytte til redusert inntektskrav i samband med utdanningsreforma. Midlane foreslås omdisponert til kap. 4720, post 01.

## Kapittel 1732 Sjøforsvaret

Post	Kategori	(i 1 000 kr)		
		Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 236 223	4 251 860	4 168 843

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 83,017 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 39,254 mill. kroner knytte til vedlikehald, reserveredelar og beredskapsbeholdning. Midlane foreslås omdisponerast med følgande endringer: kap. 1720, post 01 (-4,554 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (-20,000 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (-22,400 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (-15,000 mill. kroner) og kap. 1740, post 01 (22,700 mill. kroner).
- 10,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nytta til kjøp av reservedelar til Sjøforsvaret.

Posten er foreslått redusert med:

- 120,901 mill. kroner knytte til utdanningsreforma, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 4,931 mill. kroner knytte til besøksreiser i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.

- 3,588 mill. kroner knytte til interneffektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 0,693 mill. kroner knytte til overføring av sjukestover, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 0,599 mill. kroner i samband med justering av pensjonspremie, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 0,565 mill. kroner knytte til regulativløn for personell i utomlandsteneste, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 0,550 mill. kroner grunna redusert utgifter knytte til inntektskrav i samband med utdanningsreforma, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 0,212 mill. kroner knytte til deltaking på vognførarkurs og materiellspesifikk utdanning arrangert av Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.

- 0,182 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar ved Forsvarets hundeskole, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
- 0,050 mill. kroner knytte til fellesoperative øvingar, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

## Kapittel 4732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	54 761	54 761	54 211

### *Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 0,550 mill. kroner som følge av redusert inn-

tektskrav i samband med utdanningsreforma. Midlane foreslås omdisponert til kap. 4720, post 01.

## Kapittel 1733 Luftforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2017	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 774 506	4 826 293	4 681 332

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 144,961 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 10,144 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nytta til utgifter i samband med skilsdomssak med Avinor.
- 6,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 1733, post 01, jf. omtale under kap. 1733, post 01. Midlane foreslås nytta til utgifter i samband med avgifter for tenester i luftrommet som Avinor er ansvarlig for.
- 5,392 mill. kroner i samband justering av pensjonspremie, jf. omtale på kap. 1720, post 01.
- 2,129 mill. kroner knytte til lønsmidlar for bl.a. støttetenester ved baseskvadronen i Bodø. Midlane foreslås omdisponert frå kap. 1720, post 01.
- 1,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå Avinor på kap. 4733, post 01, jf. omtale under kap. 4733, post 01. Midlane foreslås nytta til utgifter i samband med Avinorforliket.

Posten er foreslått redusert med:

- 80,243 mill. kroner knytte til utdanningsreforma, jf. omtale på kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 33,846 mill. kroner knytte til mindreutgifter frå lågare utgiftar til drivstoff på posten. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1710, post 47.
- 22,400 mill. kroner knytte til vedlikehald, reserveredelar og beredskapsbeholdning, jf. omtale under kap. 1732, post 01.
- 20,063 mill. kroner knytte til avhendingsutgifter i Forsvarets logistikkorganisasjon sin materiellavhendingsseksjon. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 5,122 mill. kroner knytte til besøksreiser i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,085 mill. kroner knytte til interneffektivisering, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 2,009 mill. kroner knytte til ei ny rekneskapsløysing i Forsvarsmateriell. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
- 1,276 mill. kroner grunna redusert utgifter knytte til inntektskrav i samband med utdanningsreforma, jf. omtale under kap. 1720, post

01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
- 1,218 mill. kroner knytte til deltaking på vognførarkurs og materiellspesifikk utdanning arrangert av Forsvarets logistikkorganisasjon, jf. omtale under kap. 1740, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1740, post 01.
  - 0,547 mill. kroner knytte til utdanning av tenestehundar ved Forsvarets hundeskole, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
  - 0,509 mill. kroner knytte til velferdstenester utført av Hæren, jf. omtale under kap. 1731, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1731, post 01.
  - 0,208 mill. kroner knytte til overføring av sjukkestover, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane foreslås omdisponert til kap. 1720, post 01.
